



Hovedaktørane stilte i kjoler og dressar, og det var eit flott syn! (Foto: Tor-Edvard Taranger)

Søndag var det Uskedalen sin tur til å få høyre konserten frå dal til dal til Dahl. Det var kjekt å sjå at meist alle setene i Aktivitetshuset var i bruk, sjølv om sola skein frå blå himmel ute.



Trygve Torjusen gjorde ein kjempejobb som konferansier. (Foto: Tor Edvard Taranger)

I forhold til konserten i Rosendal, gjorde akustikken sitt til at lydbiletet vart annleis. Ein anna ting var at det er vanskelegare å finne stemninga i ein gymsal. Men når det er sagt, så var det ein flott opplevelse. Konserten starta utan solisten, der Uskedalen Skulemusikk og Rosendal Skulekorps spelte to stykker åleine. For å starte ein slik konsert, så er det på sin plass med eit stykke som er komponert av ein av noregs fremste brasskomponistar, Torstein Aagaard-Nilsen; E spentstig. Så spentig vart stykket spelt, at publikum var med frå første stund og klappa takten. 'Sir Duke' av Stevie Wonder fulgte rett etter. Solistinnslaga i kornett kunne godt ha vore eitpar styrkegrader sterkare, men ellers så fekk skulekorpsa vist kva dei kan, før Frank Brodahl kom inn.

Første stykket som dei spelte saman med kveldens solist, var 'evergreen' av Barbra Streisand. Det var vanskeleg å høyre solisten til å byrje med, men det kom seg betraktelig då han byta ut flugelhornet med trompeten. 'always and forever' vart ein utfordring for skulemusikken å spele. Det er vanskeleg å lage eit reint klangteppe, men om det er ei trøst så var det ei kjempeforbedring frå kvelden før. Eg trur eg må understreka at dette er flisespikkeri. Den første avdelinga til skulemusikantane vart avslutta med 'Gonna fly now' av Bill Conti. Det svingte skikkeleg, og her sprudla musikantane!

Rosendal og Omland Jazzverk tok så over med eitpar stykker. Det er og på sin plass å nevne at dei også tok over trommisen til Uskedalen Skulemusikk, Sindre Aksnes, for ei lita stund. Han hadde tatt på seg å spele med gruppa, utan å øvd meir enn eitpar minuttar saman. Han vart introdusert som den

absolutt minste i gruppa, men han er ein stor ressurs på trommer, og viser ein utruleg forståelse for musikken same kva stilart! Blikket hans satt på dei som hadde føringa, både når Anders spelte solo på flugel, og når Vivian Brede song. Det er sterk prestasjon av ein trettenåring! Jazzverket framførte to nummer, som gav eit fint avbrekk, der både skulemusikantane fekk ein velfortent pause, og publikum fekk eit annleis lydbilde. 'No more blues' og 'Valentine', vart godt mottatt, og det var kjekt å sjå korleis muskarane både tok vare på perkusjonsvikaren Sindre Aksnes, og ikkje minst kvarandre.

2. avdeling til skulemusikantane og Brodahl, vart starta med duett mellom Brodahl og dirigenten Anders. Stykket 'Black and Blue' er det Brodahl sjølv som har arrangert for Brass Band og solist. Etersom Anders også er ein

dyktig trompetist, vart stykket gjort om til duett. Det vart eit flott samspel, og ein stor prestasjon av korpset som til tider måtte klare seg utan dirigenten sin stødige hand. Men med ei flott rytmegruppe, og litt tegnspråk frå solistane, var ikkje dette noko problem i det heile. Det skal ikkje alltid så mykje til for å endre lydbildet. -Solistane tok i bruk plastglas som mute, med stort hell for å endre lyden; stilig!

Dei to neste nummera har Jan Magne Førde, kjend frå gruppa Brass Brothers, hatt ein finger med i spelet. Ejala er eit roleg Afrikanskinspirert stykke, medan Bruremarsj er heilnorsk, og skulle vera godt kjend for dei fleste. Det svinga godt, og det var fleire i salen som fann rytmen. 'A Night in Tunisia' av Dizzie Gillespie og 'Suavito' av Arturo Sandoval var to teknisk utfordrande stykker for musikantane, men isaman med Brodahl vart det gjennomført med stil. Dei partia som musikantane kunne 'dette igjennom' på, vart limt saman av Brodahl. Det er slikt som viser at vi har med ein profesjonell musikkant å gjere. Det er på tide å få med at desse stykkene er noko som Brodahl spelar med adskillig eldre og meir erfarne musikantar.

Etter det siste stykket, reiste salen seg spontant for å takke musikantane med ein rungande applaus. For den applausen, drog musikantane fram eit ekstranummer: 'Brooklyn' av Youngblood Brass Band, der Sebastian Torsjusen fekk brilljere på Sousaphone. Sebastian viste at ein ikkje berre kan spele på tubaen, men det går også an å syngje medan ein spelar. Dette er nok noko du ikkje har høyrte så altfor ofte, og ein av grunnane er vel at dette er vanskelig!

Avslutninga skjedde utanfor hallen, der Brodahl tok av med helikopter for å komme seg vidare. Dei fleste av publikum og musikantane stod og vinka avskjed med solisten der han for over Uskedalen. Dette trur eg gjorde like stort inntrykk på han som på alle oss andre som stod igjen.

Alt i alt ein super konsert med mykje musikk og humør. Det er mange som har vore med for å få dette til men dei viktigaste er dirigenten Anders Christensen for ein formidabel innsats og utruleg framgong i begge korpsa, Vibeke Fredheim for ein kjempeinnsats med rytmegruppa, foreldrene som står på med alt utanom musikkalske (og det er mykje!), og ikkje minst solisten Frank Brodahl, for ein så jordnær og flott veremåte saman med ungane.

Dette vil vi ha meir av!

Får verkeleg håpe at vi kan få serverte fleire slike opplevingar frå desse korpsa.

Tusen hjarteleg takk for ein flott konsert.

-Magnhild Haugland



Brodahl i aksjon med musikantane (Foto: Tor Edvard Taranger)